



FITJAR KYRKJEGARD

BEREKNING AV BEHOV FOR GRAVER OG INVESTERING.

Eit forprosjekt utarbeidd av Akasia Eiendomsforvaltning AS.

SAMANDRAG:

Heving av terreng på felt D må vera ferdigstilt innan utgangen av år 2021. Budsjett for arbeidet er berekna til ca. kr. 750.000 eks. mva., som må leggjast inn i budsjettarbeidet hausten 2020.

Felt D vil vera fylt opp i år 2027/2028.

Heving av terreng på felt A og/eller B må vera ferdigstilt innan år 2029.

INNLEIING.

Akasia har fått i oppdrag mellom anna å berekna når felt D og E ved Fitjar kyrkjegard etter omregulering vil vera fylt opp, og når ein må ha klar investeringsmidlar for oppfylling av felt D, A og B.

Eit enkelt søk på nettsidene til Statistisk Sentralbyrå viser at forventta folketal i Fitjar kommune vil vera ca. 3700 i 2040. Røynsle tilseier at framskriving av folketal i eit så langt perspektiv blir nokså upresist. I vår samanheng kan vi likevel konkludera med at talet på gravlagde pr. år vil halda seg nokså stabilt i overskueleg framtid.

Berekninga som følgjer er gjort med bakgrunn i data frå Ecclesia, og er basert på at gjennomsnittleg tal gravferder vil halda seg rimeleg jamnt på dette nivået også i framtida.

Vi vil likevel understreka at det er mange variablar ute og går når det gjeld berekning av forbruk av graver og trong for nye, så ein må halda løpande kontroll med i kor stor grad berekningane samsvarer med realitetane etter som tida går.

STATISTIKK.

I følgje statistikken i Ecclesia er gjennomsnittleg tal kistegravferder pr. år 23,2. Men det svingar veldig, og i 2016 var det 29 kistegravferder, medan det i 2014 var berre 18. Utrekningane nedanfor er basert på gjennomsnittet.

LEDIGE GRAVER.

Tal ledige graver er talt opp frå skjematiske gravkart i Ecclesia, og det er kun gravene merka som 'ledige' som er talt med. Resultatet av oppteljinga er vist i reknearket på side

Dei ledige gravene i felt F er ikkje talt med, her ser det ut som om det kan vera noko usystematisk gravmønster. Det er antatt at feltet treng til omregulering før det vert nytta til gravlegging på nytt, sidan mange av gravene har merknad på at dei er for små til gjenbruk.

BEHOV FOR NYE GRAVER – BRUK AV DOBLE GRAVER.

I berekninga er det lagt som føresetnad at 70 % av alle gravferder skjer til doble graver, altså at når ein brukar ei grav, vert den ved sida av reservert til attlevande ektefelle. I fjor vart det iflg. statistikken i Ecclesia brukt tre av desse reserverte gravene. Dette talet blir lagt til grunn for vidare berekningar.

På felt O er det 132 ledige enkeltgraver (= 66 doble). Reknar vi at det er 13 gravferder i året til nye doble graver, er det nok til ca.5 år (26 enkeltgraver blir brukt og reservert kvart år). Då føreset vi at felt O blir brukt kun til doble graver, og at gravlegging i enkeltgraver i hovudsak skjer på felt M og P. Felt O vil vera fylt opp i løpet av år 2022.

FERDIGSTILLING AV FELT D.

Av det kan vi slutta at felt D må vera klart for gravlegging om ca. 5 år. Legg vi så inn den føresetnaden at ein for å vera på den sikre sida bør ha feltet ferdig minst eitt år før det skal takast i bruk, bør terrengarbeida for heving av feltet vera ferdig utført i løpet av 2021.

INVESTERINGSBUDSJETTET.

Det vil igjen sei at ein må leggja kostnaden for heving av feltet inn i budsjettarbeidet hausten 2020.

ØKONOMIPLANEN.

Føresettt at slik plan blir utarbeidd, bør ein alt i 2017 starta arbeidet for å få budsjettmidlar til heving av terreng på D-feltet inn på økonomiplanen for 2021.

KAPASITET FELT D.

Feltet vil etter omreguleringa romma ca 135 graver. Vidare reknestykke er basert på at gjennomsnittleg forbruk av nye doble (13 pr. år) graver i framtida held seg stabilt på same nivå som i dag. På felt D vil det vera eit fåtal graver som framleis er i fredingstida når feltet blir heva i 2020. Desse gravene kan vi likevel ikkje telja med som ledige, i og med at vi ikkje veit om dei blir gjenfesta. Vidare berekningar føreset at det er 10 graver som blir gjenfesta og som vi dermed ikkje kan ta med i reknestykket.

Her ser vi at det begynnar å bli mange variablar, så vi må leggja nokon føresetnader til grunn for berekningane våre. Dersom desse syner seg å vera altfor ute av kurs, kan ein justera litt etter kvart. Vi begynnar å bevega oss ganske langt inn i framtida når vi nærmar oss å berekna kva tid felt D, og ikkje minst felt E vil bli fullt belagt.

Konklusjonen er at felt D vil få ca. 125 ledige enkeltgraver, dvs. 62 doble. Med gjennomsnittleg forbruk på 13 doble pr. år, vil det vera nok til knappe 5 års forbruk.

Dersom gravlegginga på felt D tek til i 2022/2023, vil feltet vera fullt belagt i 2027/2028.

FELT E.

Omreguleringskart for felt E viser at det blir 177 graver på feltet i framtida. Feltet er føresettt teke i bruk anten til doble graver når felt D er fullt belagt, eller til enkeltgraver når felta M og P på det nye stykket er fylt opp. I følgje statistikken vil trong for nye enkeltgraver oppstå i 2030, medan trongen for nye doble graver vil oppstå i 2027. Felt E har i hovudsak vore brukt til doble graver, difor vil det vera mest fornuftig å fortsetja denne praksisen. Det vil romma 83 doble graver, og 11 enkeltgraver.

Omregulering av felt med doble graver viser seg å vera svært utfordrande, då det blir vanskeleg å følgja lovverkets begrensing av kor langt ein har høve til å flytta ei grav. Graver som i utgangspunktet ligg attmed kvarandre, må gjerne flyttast kvar sin veg for å passa inn i nytt mønster for å halda seg innanfor lova. Det lar seg ikkje gjera når dei to enkle gravene som utgjer ei dobbel, ikkje kan splittast.

Etter samråd med oppdragsgjevar har Akasia kome fram til at omregulering av felt E må utstå til ein har fått sletta fleire graver på feltet. Nytt gravkart for felt E blir likevel levert, og så kan gravplassadministrasjonen ta omreguleringa over langs etter kvart som det blir ledige graver som kan flyttast inn i det nye mønsteret. Det vil vera ein prosess som kan måtta gå over mange år.

Totalt sett vil felt E med 83 doble graver dekkja behovet for slike i litt over 6 år. Grovt rekna kan vi då

sei at det vil vera behov for nye doble graver i år 2033.

FELT A OG B.

Utrekningane viser at eksisterande ledige enkeltgraver på nye og tidlegare brukte felt vil vera oppbrukt i 2030. Då må felt A og/eller B vera omregulert, terrenget må vera heva, sletting av graver vera ferdig og bevaringsverdige gravminne tekne vare på, slik at gravfelta kan takast i bruk.

Det nye gravkartet viser at felt A får plass til 171 kistegraver á 1,5 * 3,0 m. Felt B vil få plass til 180 kistegraver med same mål.

Eitt av felta bør brukast til enkle graver, og det andre sannsynlegvis til doble, når felt E ikkje rommar fleire doble. Når dette intrefjer høyrer ikkje til å avklara i dette forprosjektet. Vi føreset at felt A blir brukt til enkle graver. Føreset forbruk på 7 graver pr. år, vil feltet dekkja trongen for enkeltgraver i bortimot 25 år. Men då er det ikkje teke omsyn til kor mange graver som eventuelt vil vera att på feltet etter sletting og bevaring når den tid kjem.

Då må felt B brukast til doble, og vil under føresetnader som nemnt ovanfor gje kapasitet for inntil 14 år, avhengig av kor mange graver som står att etter opprydding.

FERDIGSTILLING AV TERRENGARBEID FELT A OG B.

Vi legg inn den føresetnaden at ein for å vera på den sikre sida bør ha feltet ferdig minst eitt år før det skal takast i bruk. Terrengarbeida for heving av felta bør vera ferdig utført i løpet av 2029.

INVESTERINGSBUDSJETTET.

Det vil igjen sei at ein må leggja kostnaden for heving av felt A og B inn i budsjettarbeidet hausten 2028.

ØKONOMIPLANEN.

Føreset at slik plan blir utarbeidd, bør ein alt i 2025 starta arbeidet for å få budsjettmidlar til heving av terreng på D-feltet inn på økonomiplanen for 2029.

UTVIKLING I GRAVLEGGINGSFORMER.

Innanfor det tidsperspektivet som vi her arbeider med, bør ein etterkvart også rekna med, og leggja til rette for, at nye gravferdsformer vil bli etterspurt. Ei utvikling mot større innslag av urnegraver er det rimeleg å forventa.

Tilrettelegging for ein namna minnelund bør også vera eit mål. Dette er ei form som slår godt an, i alle fall i urbane strøk. Ein namna minnelund er eit godt tilbod til folk som av ulike grunnar ikkje har høve til å ha jamnleg oppsyn med grava dei har ansvar for. Eit slikt tilbod kan, lat etter kor godt det vert motteke, forrykkja dei berekningane som er gjort ovanfor.

FITJAR KYRKJEGARD - BEREKNING AV BEHOV FOR GRAVER OG INVESTERING

PR. MAI 2017						
Felt	Ledig	Merknad	BEREKNING FELT D		BEREKNING ENKELTGRAVER	
A	0	ikkje relevant	Gj.snittleg forbruk kistegraver pr. år siste 10 år	23	Gj.snittleg forbruk enkle graver pr. år siste 10 år	7
B	0	ikkje relevant	Prosent doble graver	70		
C	10		7 gravlagt i enkeltgraver pr. år gir behov for enkle graver pr. år på	16	Ledig kapasitet enkle graver felt C (10), D(9), M(49), P(23)	91
D	0	ikkje relevant	3 gravlagt som nr. 2 i brukt dobbel grav pr. år gir behov for doble graver pr. år på	13	Ledig kapasitet dekkar tal år:s	13
E	0	ikkje relevant				
F	0	bør om-regulerast	132 ledige graver på felt O er nok til forbruk av doble graver i ant. år:	5	Behov for nytt felt for enkle graver inntreffer i år	2030
G	1		Felt O vil vera fullt belagt i år	2022		
H	4		Oppfylling felt D må vera ferdig i år (1 års margin før teoretisk behov slår inn)	2021	BEREKNING FELT A OG B	
I	0		Løyving over budsjett må vera klar til budsjettbehandling i år	2020	Terrengarbeid må vera avslutta i løpet av 2029	
K	1		Bør leggjast inn i økonomiplanarbeidet i år	2017	Løyving over budsjett må vera klar til budsjettbehandling i år 2028	
L	2		Omregulert felt D gir tal graver:	135	Bør leggjast inn i økonomiplanarbeidet i år 2025	
M	49		10 graver kan ikkje gjenbrukast (gjenfesting), då sit vi att med	125		
N	0		Tal doble graver til disposisjon	62		
O	132		Gravlegging startar i år	2023		
P	23		Felt D vil vera fullt i år	2028		
SUM	<u>222</u>		Tal enkle graver på felt D etter omregulering	9		

OVERSLAG KOSTNADER

Dato 09.06.2017

PROSJEKT: Fitjar kyrkjegard - oppfylling felt D

7.71 - Terrengarbeid	Eining	Mengd	Pris	Sum
Borttaking gravminne inkl. sokkel	stk	70	500	35 000
Opptak og ivaretaking av liggjande plater med relieff	stk	2	10 000	20 000
Borttransport og destruksjon av gravminne for sletta graver	stk	55	300	16 500
Stubbefresing av rotstubbe etter stort tre	stk	1	15 000	15 000
Innkjøp, transport og utlegg av gravemassar 0-32 mm, 50 cm tjukkelse	m ³	350	550	192 500
Vekstjord 30 cm tjukkelse, utlegg og planering	m ³	210	550	115 500
Tiltak for vern av trestammer	RS	1	15 000	15 000
Tilbakemontering gravminne	stk	15	2 000	30 000
Finplanering, gjødsling, kalking og såing av plen	m ²	700	90	63 000
SUM ANLEGG				502 500
Riggkostnader 15 % av anleggskostnad				75 375
Uføresette kostnader 20 % av anleggskostnad				100 500
Prosjektering og prosj.adm. 15 %				75 375
SUM PROSJEKT EKS. MVA.				753 750

I budsjettarbeidet bør det takast omsyn til at dette er 2017- tal, slik at dei blir justert for auke i prisindeks til det året dei skal setjast av i budsjettet.

Til forprosjektet høyrer også gravkart og tekniske kart som viser planar for heving av terreng på felta D, A og B.

Forprosjektet er utarbeidd i mai / juni 2017 av Akasia Eiendomsforvaltning AS ved

Erik Bjerkelund, landskapsarkitekt MA(Hons)

Bjarne Lien, seniorrådgivar